
Fra: Irene Valvik Vågen <irene.vagen@ikah.no>
Sendt: 28. november 2014 13:26
Til: Postmottak Meland
Emne: Til Arkivleiar - kurs i avlevering av personregister

Meland kommune

Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
14/318 - 12 -IVV

Dato:
28.11.2014

Til Arkivleiar - kurs i avlevering av personregister

Eg viser til tidlegare epost frå Inge Vikane, sendt i byrjinga av oktober 2014 om avlevering av personregister og kurs i avlevering av personregister på papir.

Interkommunalt arkiv i Hordaland vil i 2015 ta i mot avleveringar av personregister. Regelen er at kommunane kan avlevere personregister til depot 10 år etter siste kontakt. Dette betyr at kommunane kan avlevere materiale som ein siste nytta i 2005. I samband med dette vil IKAH gi tilbod om kurs i avlevering av personregister, anten i kommunen eller i IKAH sine lokale i Bergen.

Dersom de ønskjer å halde kurs ute i kommunen må de sjølv tinge lokale og invitere dei ytre einingane på kurs. For at vi skal kunne arrangere kurs ute i kommunen, bør det i utgangspunktet vere 6-7 deltakarar. Det er sjølv sagt mogeleg å slå saman fleire kommunar på same kurs. Kursa vert arrangert i januar, februar og mars. Underteikna vil ta kontakt med kvar kommune for å avtale dato for kurs. I første omgang treng eg tilbakemelding **innan 5. desember 2014** på om kommunen ønskjer kurs. Kurset er ein gjennomgang av IKAH sine prosedyrar for deponering/avlevering av personregister på papir. Vi vil gå gjennom steg for steg korleis ein pakkar, skriv lister og merker arkiva. Vi vil òg ta opp kva som skal/ kan avleverast til IKAH og korleis dette skal vere ordna. Kurset varer som om lag eit par timer og er gratis for IKAH sine eigarkommunar. Det er derfor mogeleg å halde to kurs på ein dag om det blir stor interesse.

IKAH oppmodar alle arkivleiarane til å ta kontakt med dei ytre einingane for å skaffe seg ein oversikt over kva kommunen har av personregister som de ønskjer å avlevere i 2015, og om det er nokon som har lyst til å delta på kurs. Dette vil vi ha tilbakemelding på **innan 12. desember 2014**.

Eg høyrer gjerne frå dykk, og ta kontakt med meg dersom de har spørsmål om personregister.

Med venleg helsing

Irene Valvik Vågen

Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.